

Haraldsplass diakonale høyskole

**Fordypningsoppgave i Tverrfaglig videreutdanning i
palliativ omsorg – 60 studiepoeng.**

**Kan bruk av Liverpool Care Pathway bidra til ein betre kommunikasjon
mellom sjukepleiarar og pårørande?**

Can the use of Liverpool Care Pathway contribute to a better communication between nurses
and relatives?

Kandidatnummer: 104

Kull: 2011

Antall ord: 5639

Innleveringsdato: 12.04.13

Publiseringsavtale fordypningsoppgave Haraldsplass diakonale høgskole

Tittel på norsk: *Kan bruk av Liverpool Care Pathway bidra til ein betre kommunikasjon mellom sjukepleiarar og pårørande?*

Tittel på engelsk: *Can the use of Liverpool Care Pathway contribute to a better communication between nurses and relatives?*

Kandidatnummer: 104

Årstall: 2013

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage Haraldsplass med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Haraldsplass diakonale høgskolen en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja
nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

ja
nei

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja
nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

ja
nei

Samandrag

Bakgrunn: Som sjukepleiar opplever eg at kommunikasjon med pårørande til pasientar i terminal fase kan vere utfordrande. Det er ikkje uvanleg at det oppstår misforståingar og konfliktrar. Mange av desse trur eg kunna ha vore unngått dersom vi hadde fått til ein meir open og direkte kommunikasjon mellom sjukepleiarar og pårørande. Når eg gjennom vidareutdanninga mi i palliativ omsorg blei kjent med tiltaksplanen Liverpool Care Pathway satt eg igjen med følelsen av at denne kanskje kunne hjelpe med å forbetre kommunikasjonen. Hensikt med denne oppgåva er å finne ut om sjukepleiarar opplever at kommunikasjonen med pårørarande blir betre ved bruk av Liverpool Care Pathway. Og via desse funna bidra med auka kunnskap og ei større forståing av Liverpool Care Pathway sin effekt i praksis.

Problemstilling: *Kan bruk av Liverpool Care Pathway bidra til ein betre kommunikasjon mellom sjukepleiarar og pårørande?*

Metode: I denne fordjupningsoppgåva har det blitt brukt litteraturstudie som metode. Litteraturen er henta i frå pensum, andre fagbøker og nyare forskning. Eg har tatt med fire forskingsartiklar (tre kvalitative og en kvantitativ), og en fagartikkel. Søkeorda eg nytta var: Liverpool Care Pathway, relatives, family, nurse/nurses/nursing, communication og experience.

Teori og drøfting : Teori omhandlande Liverpool Care Pathway, pårørande, kommunikasjon, og kommunikasjonsutfordringar i terminal omsorg blir drøfta opp i mot forskning og egne erfaringar.

Konklusjon: Sjukepleiarane opplever hovudsakelig at Liverpool Care Pathway bidreg med ein positiv effekt på kommunikasjon med pårørande. Den bidreg til dømes med betre samarbeid mellom helsepersonalet, at sjukepleiarane føler seg tryggare på seg sjølv i møte med pårørande, og ein plattform å starte samtalar med. Men det blei og oppdaga at god kommunikasjonskompetanse og opplæring i bruk av Liverpool Care Pathway er essensielt for at den skal fungere i praksis. Liverpool Care Pathway er kun så god som dei som brukar den.

Abstract

Background: As a nurse, I'm experiencing that communication with relatives of patients in the terminal phase can be challenging. It's not unusual for there to be misconceptions and conflicts. I think a lot of them could have been avoided if we had time for a more open and direct communication between nurses and relatives. Through my education in palliative care, I got to know about the action plan, «Liverpool Care Pathway», I was left with the feeling that this might help to improve communication. The purpose of this thesis is to determine if nurses feel that communication with relatives improves when using the Liverpool Care Pathway. And through these findings, contribute to increased knowledge and greater understanding of the Liverpool Care Pathway's effect in practice.

Issue: *Can the use of Liverpool Care Pathway contribute to a better communication between nurses and relatives?*

Method: In this specialization task there has been used literature study method. The literature is taken from the curriculum, other books and recent research. I have used four research articles (Three qualitative and one quantitative), and a scientific article.

The searchwords I used were: Liverpool Care Pathway, relatives, family, nurse/nurses/nursing, communication and experience.

Theory and discussions: Theory about Liverpool Care Pathway, relatives, communication and communication challenges in terminal care is being discussed against research and own experiences.

Conclusion: Nurses mainly experience that Liverpool Care Pathway contributes with a positive impact on communication with relatives. For example, it contributes with a better collaboration between the staff, greater confidence when meeting relatives, and a platform to start off conversations. But I did discover that good communication skills and training in the use of the Liverpool Care Pathway is essential for it to work. Liverpool Care Pathway is only as good as the people who use it.

Innhaldsliste:

1.0 Innleiing	6
1.1 Bakgrunn.....	6
1.2 Hensikt.....	6
1.3 Avgrensing.....	6
2.0 Problemstilling	7
3.0 Teori	8
3.1 Liverpool Care Pathway.....	8
3.2 Pårørende og kommunikasjon.....	9
3.3 Kommunikasjonsutfordringar i 13 palliativ omsorg.....	10
4.0 Metode	11
4.1 Val av metodisk tilnærming.....	11
4.2 Forskingsartiklar.....	12
4.2.1 Nurses' views on using the Liverpool Care Pathway in an acute hospital setting.....	12
4.2.2 Expectations about impact of the Liverpool Care Pathway for the dying patient in an Italian Hospital.....	12
4.2.3 The Liverpool Care pathway in intensive care: an exploratory study of doctor and nurse percetions.....	12
4.2.4 Using the LCP: Bereaved Relatives' Assessments of Communication and Bereavement.....	13
4.2.5 Tiltaksplan for døende pasienter.....	13
4.2.6 Oppsummering.....	14
4.3 Metode og kjeldekritikk.....	14
4.4 Etikk.....	15
4.5. Bruk av allereie utarbeide verktøy.....	15
5.0 Diskusjon	16
5.1 Sjukepleiarane gjer LCP god i praksis.....	16
5.2 Godt samspel skapar god kommunikasjon.....	18
5.3 God opplæring for rett bruk.....	19
6.0 Formidling/målgruppe	20
7.0 Avslutning	20
Litteraturliste.....	21
Vedlegg 1.....	24
Vedlegg 2.....	29

1.0 Innleiing:

1.1 Bakgrunn:

Når ein arbeidar i palliativ omsorg og pasienten er døydde er det ei sentral oppgåve til sjukepleiaren å ivareta pårørande. Både for at pårørande skal meistre si eiga oppleving av dødsfallet, og for at dei skal klare å vere ein støtte for den døydde (Sæteren, 2010). Som sjukepleiar opplever eg at kommunikasjon med pårørande i denne fasen kan vere utfordrande. Det er ikkje uvanleg at det oppstår misforståingar og konflikter. Mange av desse trur eg kunna ha vore unngått dersom vi hadde fått til ein meir open og direkte kommunikasjon mellom sjukepleiarar og pårørande.

Når eg gjennom vidareutdanninga mi i palliativ omsorg blei kjent med tiltaksplanen Liverpool Care Pathway satt eg igjen med følelsen av at denne kanskje kunne hjelpe med å forbetre kommunikasjonen. Liverpool Care Pathway er en tiltaksplan for omsorg til døydde og deira pårørande. Planen gjer at ein kan gi omsorg og pleia ut i frå pasienten og pårørande sine individuelle behov (Ellershaw og Wilkinson, 2011). Grunnen til at eg trur Liverpool Care Pathway kan hjelpe oss med å skape ein betre kommunikasjon er fordi den involverer dei pårørande. Der er punkt i planen som er direkte knytta til dei pårørande, til dømes at planen for vidare behandling av pasienten er forklart for og drøfta med dei pårørande.

På bakgrunn av dette har eg valt å fokusere på Liverpool Care Pathway og kommunikasjon som tema i mi fordjupingsoppgåve.

1.2 Hensikt

Hensikt med oppgåva er å finne ut om sjukepleiarar opplever at kommunikasjonen med pårørande blir betre ved bruk av Liverpool Care Pathway. Og via desse funna bidra med auka kunnskap og ei større forståing av Liverpool Care Pathway sin effekt i praksis.

1.3 Avgrensing

Eg vil i denne oppgåva ikkje legge vekt på diagnose, eller kvar i helsevesenet ein møter pårørande. Men eg personleg har erfaringar frå sjukehus, så alle opplevingane og erfaringane er presenterer i oppgåva er henta der i frå. Eg har ingen erfaring med bruk av Liverpool Care Pathway i praksis. Eg tek utgangspunkt i eit sjukepleiar perspektiv, men eg vil til tider bruke ordet helsepersonell då det ikkje er kun sjukepleiarar som brukar LCP og er i kontakt med pårørande.

Vidare i oppgåva brukar eg forkortinga LCP når eg snakkar om Liverpool Care Pathway.

Begrepsavklaring:

- *Pårørande* er den pasienten oppgjev som sin pårørande. Dersom pasienten ikkje er i stand til å sei kven pårørande er, skal nærmaste pårørande vere den som har i størst grad hatt varig og fortløpande kontakt med pasienten (Helsedirektoratet, 2012).
- *Kommunikasjon* ein prosess der meiningar utvekslas mellom individ gjennom språk, tegn eller gester. Det krev at der forelegg ein avsendar, ein mottakar og ei meining som forståast av alle partar (Travelbee, 1999).

2.0 Problemstilling

Kan bruk av Liverpool Care Pathway bidra til ein betre kommunikasjon mellom sjukepleiarar og pårørande?

3.0 Teori

3.1 Liverpool Care Pathway

Liverpool Care Pathway er ein evidensbasert vegleiar. Hensikta med LCP er å overføre omsorga pasientar og pårørande får i palliative einingar til andre delar av helsetenesta. LCP har som mål å forbetre kvaliteten på omsorga gitt dei siste dagane og timane i livet. Den guidar og muliggjer helsepersonell til å gi pleie og omsorg som er tilpassa behova til den individuelle pasienten og pårørande.

LCP er delt inn i tre hovuddelar.

- **Innleiande vurdering:**
Der ein vurderar pasienten sin tilstand og kva symptom/plager den har.
Ein snakkar med pasient og pårørande om deira behov, og ein diskuterer og avklarar vidare behandling. Fysisk, psykisk, åndeleg og sosiale områder blir vektlagt.
- **Pågåande vurdering:**
Der blir pasienten sin tilstand vurdert etter oppstart med LCP. Ein kontrollera pasienten sine symptom, og ut i frå observasjonar vurderer ein om det trengst endringar i behandlinga.
- **Omsorg etter døden (Ellershaw og Wilkinson, 2011).**

Før oppstart av planen må det tverrfaglege teamet vere einige om at pasienten er døyande, og alle mulige reversible årsaker må vurderast. To av følgjande kriteria vil vanlegvis vere oppfylt: Pasienten er sengeliggande, han er ikkje medviten i lengre periodar, han klarer kun å drikke små slurkar og kan ikkje lenger svelgje tablettar. Dersom pasienten lever tre dagar etter oppstart av LCP, skal det revurderast om ein skal fortsette med planen eller ikkje (Ellershaw og Wilkinson, 2011).

LCP er på ingen måte meint å erstatte ekspertrisa eller ferdigheita til dei som brukar den, og den er kun så god og effektiv som dei som brukar den. Men den hjelp helsepersonalet til å bestemme fokus på kva som er best omsorg for den enkelte pasient på dette tidspunktet. For at ein skal suksessfullt starte opp med og bruke LCP er det essensielt at helsepersonalet har god kommunikasjon med pasient og pårørande. For å kunne bruke LCP på rett måte er det viktig

med god opplæring og forståing for korleis planen skal brukast i praksis (Ellershaw og Wilkinson, 2011).

Der er kritikk til bruk av LCP, dette har spesielt kome fram i England, via engelske media. Denne kritikken inneheld pårørande som opplever at LCP blir brukt til å framskande døden, til dømes ved at pasientane blir fråtatt mat og drikke. Der har og vore tilfeller der pårørande ikkje visste at det var starta opp med LCP (Mula,2013).

3.2 Pårørande og kommunikasjon

I den palliative omsorga er ivaretaking av pårørande vektlagt. I definisjonen av palliasjon står det at målet med all behandling, pleie og omsorg er best mulig livskvalitet for pasienten og *pårørande* (Helsedirektoratet, 2012). Sjukepleieteoretikaren Travelbee (1999) trekk og fram viktigheita med ivaretaking av familie. Den sjuke er ein del av familien, alt som angår pasienten angår og familien/pårørande.

Pårørande er ein viktig ressurs for pasienten. Dei kjenner pasienten, og sit med informasjon som helsepersonalet kan ha god nytte av. Mange pårørande ønskjer å delta i stell og omsorg. For at det skal vere mogleg treng dei informasjon om diagnose, behandling og forventna utvikling (Helsedirektoratet, 2012). Pårørande ønskjer ærleg og direkte informasjon. Dei har ikkje same erfaring som helsepersonell og kjenner ikkje teikna på at døden nærmar seg (Grøthe,2010). Dersom ein gjev uklar informasjon om at pasienten er døyande kan dette skape kommunikasjonsproblem (Helsedirektoratet,2012). Pårørande vil føle seg engstelege, misfornøgde og det kan gi urealistiske forventningar (Ellershaw og Wilkinson, 2011). God informasjon gjev større tryggleik og mindre risiko for misforståingar og konflikhtar (Schjødt et al., 2008).

For at pårørande skal få nytte av den informasjonen dei får er det ein føresetnad at den er forstått. For å oppnå dette krev det fungerande kommunikasjon mellom partane.

Kommunikasjon er ein gjensidig prosess, ved at sjukepleiaren søker og gjev informasjon og pårørande brukar den til å få hjelp. Kommunikasjonen er ikkje eit mål i seg sjølv, men ein prosess til å nå mål og hensikt. Dersom informasjonen som blir gitt blir feiloppfatta eller ikkje blir mottatt, sviktar kommunikasjonen (Travelbee,1999). Det å kunne utrykke oss forståeleg og å kunne lytte til andre er grunnleggande profesjonell ferdigheit (Skau, 2011). Som fagperson må sjukepleiaren kunne gå inn i en relasjon og legge til rette for god kommunikasjon (Røkenes og Hansen, 2004).

For å kunne kommunisere med pårørende om at deira familiemedlem skal dø er det nødvendig med kunnskap og kompetanse angående kommunikasjon. Ein kan ikkje stole på at erfaringar er nok til å utvikle gode kommunikasjonsferdigheiter. Det er nødvendig å lære og forstå visse ferdigheiter og kunnskap for å kunne lese folks behov. Manglande opplæring og ueffektiv kommunikasjon kan føre til at sjukepleiarane blir stressa, og utbrent (Ellershaw og Wilkinson, 2011).

3.3 Kommunikasjonsutfordringar i terminal omsorg

Å snakke med pasient og pårørende om døden er stressande, vondt og vanskeleg, også for den profesjonelle og erfarne pleiaren (Gauthier, 2008, Franklin, 2006). Det er legen sitt ansvar å fortelje om dårlege nyheiter om diagnosen, men sjukepleiarane er i aukande grad involvert i å dele nyheita. Sjukepleiaren er saman med pasient og pårørende etter informasjonen er gitt, og dei tek i mot dei spørsmåla som kjem i ettertid. Desse spørsmåla som kjem i ettertid er ei stor utfordring for sjukepleiarane (Kinghorn, Gaines og Satterley, 2007). Dei kjem ofte uvarsla, og kan omhandle til dømes: kor lang tid er det igjen, korleis vil døden bli, kvifor skjer dette? Slike spørsmål fører ofte til samtalar som sjukepleiarar forbinder med følelsen av ubehag, og utilstrekkelighet. Fleire frykta for konsekvensane av å snakke om den vanskelege situasjonen (Duke og Bailey, 2008). Dette kan til dømes vere følelsesladde reaksjonar, både frå pårørende og seg sjølv, som dei finn vanskeleg å handtere. Ein anna barriere for å gå inn i samtalar er at sjukepleiaren ikkje veit kva pårørende er informert om. Misforståingar og dårleg kommunikasjon mellom helsepersonalet kan forverre sensitive situasjonar og kan skape frustrasjon og misforståingar (Gauthier, 2008). Difor er det viktig med samstemt og klar kommunikasjon mellom helsepersonalet (Schjødt et al., 2008).

4.0 Metode

4.1 Val av metodisk tilnærming

For å finne svar på problemstillinga mi har eg brukt litteraturstudie som metode. Ein utfører eit litteraturstudie ved å systematisk søke, kritisk vurdere og samanfatte litteratur innanfor valt tema eller problemområde (Forsberg og Wengstrøm, 2008). Eg har valt å bruke denne metoden fordi eg då kan gå til forskning og litteratur for å finne sjukepleiarar sine opplevingar og erfaringar rundt område.

Litteraturen eg har brukt i oppgåva har eg funne via pensumlitteraturen, andre fagbøker og forskingsartiklar. Eg begynte studie ved å sjå på pensumet for aktuell litteratur. Vidare søkte eg via Bibsys for å finne andre aktuelle fagbøker. Det neste eg gjor var å finne forskning rundt temaet, dette gjor eg ved å søke i forskjellige databasar. Databasane eg søkte i var: Ovid nursing, PubMed, Svemed+, Cinahl og Sykepleien. Eg har og sett på referanselister på artiklane og bøker eg har funne for anna aktuell litteratur. Eg tok og kontakt med nettverkskoordinator for LCP ved Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest, og spurde om ho kunne hjelpe meg med aktuell forskning. Ho sendte meg linkar til fleire artiklar, eg har valt å bruke den eine artikkelen: *Using the LCP: Bereaved Relatives' Assessments of Communication and Bereavement* (Veerbeek et al., 2008). Men eg fant den og under mine søk på databasane.

Søkeorda eg nytta var: Liverpool Care Pathway, relatives, family, nurse/nurses/nursing, communication og experience. I Bibsys og Sykepleien søkte eg både med engelske og norske søkeord.

Ved å gjer eit generelt søk med søkeordet Liverpool Care Pathway fekk eg opp 109 treff på PubMed, 94 treff på Chinal og 44 treff på Ovid nursing. Når eg søkte på Sykepleien fekk eg opp et treff. Ved søk på Svemed+ fekk eg ingen treff på Liverpool Care Pathway, og valte difor å ikkje gå vidare med søk der.

For å snevre inn søka kombinerte eg LCP med dei andre søkeorda. Eg avgrensa søket med kunn å ta med artiklar som var frå 2008 og nyare, at artiklane var skrive på norsk eller engelsk, at studia var utført i Europa, og at det skulle vere originalartiklar. Eg fekk såleis opp mindre treff, sjå vedlegg 1 for søkehistorikk. Tilslutt enda eg opp med fire forskingsartiklar som eg presenterar i neste avsnitt. Eg har og valt å ta med ein fagartikkel frå Sykepleien.

4.2 Forskingsartiklar:

4.2.1 *Nurses' views on using the Liverpool Care Pathway in an acute hospital setting.*

O'Hara (2011) undersøkte sjukepleiarar sine meiningar om bruk av LCP i sjukehusavdelingar med akutt situasjonar. Ho utførte eit kvalitativt studie, der ho nytta intervju via fokusgrupper som metode. To fokusgrupper blei plukka ut, med seks sjukepleiarar i kvar gruppe. Ei gruppe med generelle sjukepleiarar, og ei med sjukepleiarar med erfaring og spesial interesse i palliativ omsorg. Dette for å kunne samanlikne dei to gruppene. Begge fokusgruppene følte av LCP gav dei betre sjølvtilit, ved at dei følte seg i betre stand til å snakke med pårørande. Gruppene erfarte at LCP opna for kommunikasjon både innanfor det tverrfaglege teamet og med pårørande. Dei følte det gav dei ein plattform der ein kan starte ein diskusjon i frå. For dei minst erfarne, den gruppa med generelle sjukepleiarane var det svært viktig å gjere alt riktig. Dei følte LCP gav dei et rammeverk som viste dei kva dei skulle gjere, og korleis dei skulle gi den beste pleia.

4.2.2 *Expectations about impact of the Liverpool Care Pathway for the dying patient in an Italian hospital.*

Eit kvalitativt studie, som utforskar sjukepleiarar og legar sine forventingar og opplevingar ved bruk av Liverpool Care Pathway på ei generell medisinsk avdeling. For å samle data blei det brukt intervju via fokusgrupper som metode. Det var to grupper beståande både av sjukepleiarar og legar. Det var to gruppetimar, ein time ved oppstart av LCP og ei etter at LCP var innført. Fem av seks legar møtte til begge samlingane. Åtte av ni sjukepleiarar møtte til den fyrste timen, og seks av dei møtte til den siste timen. Før innføring av LCP syntes deltakarane at det var utfordrande å kommunisere med pårørande. Både sjukepleiarar og legar identifiserte det som eit sentralt problem som trengtes forbetring. Dei hadde forventningar om at innføring av LCP ville gi dei auka ferdigheiter som ville forbetre kommunikasjonen med pårørande. Etter innføringa av LCP opplevde dei forbetring av kommunikasjonen, men dei meinte det sannsynligvis hadde samanheng med at det var betre kommunikasjon i mellom sjukepleiarane og legane i gruppene. Dei opplevde framleis utfordringar rundt temaet, men dei følte seg tryggare og hadde betre ferdigheiter. Dei var og blitt meir bevisste om kompleksiteten av problemet. Deltakarane oppdaga og sine egne problem vedrørende kommunikasjon. Dette førte til at dei, paradoksalt, blei meir usikre på deira evne til å støtte og informere pårørande (Di Leo et al., 2011).

4.2.3 The Liverpool Care Pathway in intensive care: an exploratory study of doctor and nurse perceptions.

Walker og Read (2010) uførte eit studie med hensikt å få fram sjukepleiarar og legar sine erfaringar med bruk av LCP, og kva verknad det utgjør i praksis på intensiv avdelingar. Det er eit kvalitativt studie med semi-strukturerte intervju som metode. Der blei brukt ein guide med fire spørsmål. Seks stykk blei intervjuet, fem sjukepleiarar og ein lege. Fleirtal av deltakarane hadde positiv oppleving av LCP, og følte det forfremma kommunikasjonen. Men ein deltakar meinte det blei nytta som eit metafor for død, det var eit bra reiskap for dei tilsette men ikkje i kommunikasjon med familien. To stykk meinte at LCP utgjør ein liten forskjell, dei følte dei hadde eit godt forhold til pårørande uansett.

4.2.4 Using the LCP: Bereaved Relatives' Assessments of Communication and Bereavement

Dette er ein kvantitativ studie der forskarane samanlikna pårørande sin oppleving av kommunikasjon og sorg før og etter innføring av LCP. Den blei utført på sjukeheimar, sjukehus og i heimesjukepleia i Nederland. Det blei nytta spørjeskjema som metode. Tre månadar etter dødsfallet fekk pårørande tilsendt eit skjema der dei blei spurt om å evaluere opplevinga rundt kommunikasjonen med helsepersonalet dei siste tre dagane før pasientens død, avgjeringane om den medisinske behandlinga og den personlege og religiøse behova for pasienten. I perioden før innføring av LCP kunne 220 av 283 pasientar bli inkluderte i studiet. Av desse pasientane var det 131 (59%) pårørande som fylde ut spørjeskjemaet. I perioden der ein brukte LCP var det 255 av 292 pasientar som kunne delta i undersøkinga. Her svarte 140 (55%) av pårørande på spørjeskjemaet. Dei pasientane som blei utelukka av studiet var på grunnlag av at dei ikkje kunne bli informert eller fordi dei ikkje ville at deira journal skulle bli brukt etter dødsfallet. Resultatet på undersøkinga viste at kommunikasjonen mellom helsepersonell og pårørande var tilsvarende i begge periodane. Bortsett frå at fleire pårørande opplevde informasjonen meir forståleg i den perioden LCP var innført (Veerbeek et al., 2008).

4.2.5 Tiltaksplan for døende pasienter

Dette er ein fagartikkel som formildar erfaringane frå prosjektet: ”Implementering av Liverpool Care Pathway”. Dette var eit samarbeidsprosjekt Høgskolen i Østfold hadde med seks sjukeheimar i fem kommunar i fylket. Målsettinga til prosjektet var å utvikle den faglege kompetansen i relasjon med døyande og deira pårørande. Det var og for at studentane som var i praksis skulle bli kjent med LCP som eit reiskap for kvalitetsikring av omsorg ved livets

slutt. Når prosjektperioda var over kom det mange positive tilbakemeldingar frå deltakarane. Dei opplevde at innføring og bruk av LCP gjor dei meir samkjørte og dei følte større tryggleik i møte med døyande og deira pårørande. Dei syns at LCP var ein fin inngangsport til samtalar. Det blei og i større grad sett av meir tid til samtalar, og pasient og pårørande fekk større oppmerksomd (Lillemoen, Velun og Østensvik, 2011).

4.2.6 Oppsummering:

Dei kvalitative artiklane som var intervju av sjukepleiarar viste at dei fleste opplevde at LCP hadde ein positiv effekt på kommunikasjonen med pårørande. Den kvantitative artikkelen som var ein spørjeundersøking av pårørande viste at kommunikasjonen var samsvarande med og utan bruk av LCP.

4.3 Metode og kjeldekritikk:

Eg har hovudsakleg prøvd å nytte mest mogleg litteratur som er primærkjelder i oppgåva. Dette for å unngå andre sine eventuelle feiltolkingar av litteraturen (Dalland, 2001). Eg har difor valt å ikkje bruke oversiktsartiklar. Eg fann ikkje nokon norsk forskning rundt mitt tema, men eg fann en fagartikkel i Sykepleien omhandlande LCP og valte difor å ta med den. Forskingsartiklane er to engelske artiklar, en nederlandsk og en italiensk. Difor er alle artiklane skrive på engelsk. Fleire av fagbøkene i teoridelen er og skrive på engelske. Sjølv om store delar av teori og forskning ikkje er frå Noreg meiner at funna kan overførast til norsk praksis.

For å finne ut om artiklane var fagfelleverdert gjekk eg inn på norsk samfunnsvitenskapelige datatjenester (nsd.no) og søkte opp tidskriftene eg hadde funne artiklane i. Her kom det fram at tidskriftene International Journal of Palliative Nursing og Palliative Medicine er av forskningsnivå 1. Dette er ei kvalitetsikring på at dei er pålitelige kjelder. Tidskrifta American Journal of Hospice & Palliative Medicine som eg og har nytta var dessverre ikkje registrert på sida, eg veit difor ikkje kva forskingsnivå den er på.

Når eg søkte etter forskning såg eg raskt at det var mykje av dei same artiklane på alle tre databasane. Og når eg var ferdig å utføre søka mine satt eg igjen med dei same fire artiklane som eg fant aktuelle på alle dei tre databasane. Dette kan tyde på at der er lite forskning rundt temaet. Dersom eg hadde gjort mindre avgrensingar, og/eller søkt ved fleire databasar kunne eg kanskje ha fått eit større funn. Men det blir framheva i tre av forskingsartiklane at det er gjort lite forskning rundt helsepersonell sine erfaringar rundt bruk av LCP. Det har derimot

blitt gjort ein god del forskning om korleis best innføre LCP (Walker og Read, 2010, O'Hara, 2011, Di Leo et al., 2011).

Ulemper med dei kvalitative studia eg har med i oppgåva er at det er små studie. Det betyr at ein ikkje kan generalisere resultatet. Men i følge Ellingsen og Drageset (2008) er ikkje hensikta med kvalitativ forskning å generalisere funna. Den er heller at vi får utvida vår forståing av området, og at ein løftar resultatata frå eit mindre utval til eit teoretisk nivå. I fleire av artiklane var metoden fokusgrupper. Når ein bruker fokusgrupper er 5-8 deltakarar ein passende størrelse. Ei mindre gruppe kan avgrense meningsutvekslingane, og ei større gruppe kan gi parallelle diskusjonar og nokon av meiningane kan bli skjult (Ellingsen og Drageset, 2008). Ut i frå dette ser eg på studia eg har valt som representative til å belyse mitt tema.

Sidan eg er ute etter sjukepleiarar sin erfaringar vil det vere naturleg å bruke kvalitativ forskning. Eg har likevel valt å ta med ein kvantitativ studie, då den tek føre seg pårørande sine opplevingar. Dette for å kunne samanlikne funna. Ulempene med dette er at pårørande kun kan evaluere kommunikasjonen enten før innføringa eller etter LCP, dei kan ikkje samanlikne periodane. Ei anna ulempe med den kvantitative artikkelen er at svarprosenten er lav, på henholdsvis 59 og 55 %. Dette er i grunnen for lavt til at vi kan stole på resultatet. Dei har heller ikkje beskrive kvifor dei resterande prosentane ikkje har svart. Eg har likevel valt å ta den med i oppgåva då eg føler den er relevant for å samanlikne sjukepleiarane og pårørande sine opplevingar.

4.4 Etikk

Alle forskningstudia eg har brukt i oppgåva er godkjent av etiske komitear. Eg har ikkje innhenta noko personleg data frå pasientar, pårørande eller kollegaer, så eg har ikkje behov for samtykke, eller godkjenning frå etisk komité.

Dei sjølvfarte opplevingane som eg har tatt med er heilt anonyme og kan ikkje sporast tilbake til enkeltpersonar.

4.5 Bruk av allereie utarbeide verktøy

Denne oppgåva bygger på tiltaksplanen Liverpool Care Pathway, som eg blei kjend med via utdanninga. Link til planen ligg på nettsida til Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion vest (<http://www.helse-bergen.no/omoss/avdelinger/klb/Sider/liverpool-care-pathway.aspx>) Legger ved planen som vedlegg 2.

5.0 Diskusjon

5.1 Sjukepleiarane gjer LCP god i praksis.

I artiklane eg har funne opplevde dei fleste deltakarane at LCP hadde ei positiv verknad på kommunikasjonen med pårørande (Di Leo et al., 2011, O'Hara, 2011, Walker og Read, 2010, Lillemoen, Velun og Østensvik 2011). Den eine sjukepleiaren formulerte seg slik: "Du er meir fri til å snakke med pårørande, mens før (LCP) visste du ikkje kva du skulle sei.... No veit du kva ord du skal sei til dei, og du veit kvar du skal skrive det når du er ferdig. Det gir en klar forståing mellom oss, pasient og pårørande."(O'Hara, 2011, s 241).

Ellershaw og Wilksinson (2011) sei at det er du som gjer at LCP blir god i praksis. Dette blir og støtta av Murphy(2011): LCP gjev oss ikkje svar på utfordringar vi møter i terminal omsorg. Den hjelper oss med å sjå klarleik og finne fokus, mens kommunikasjonen og medfølinga kjem frå deg. Korleis kunne da denne sjukepleiaren føle at LCP gav ho dei orda ho trengte? LCP er en vegleiar og ingen fasit. Den har ikkje svar på alle spørsmål som pårørande har. Både teori (Ellershaw og Wilkinson,2011) og forskning (O'Hara 2011, Di Leo et al.,2011) påpeikar at god kunnskap om kommunikasjon er viktig for at ein skal lykkast med bruk av LCP. Sjukepleiaren som er nemnt tidligare hadde truleg god kunnskap om kommunikasjon frå før, og no når ho hadde LCP og støtte seg til blei det lettare å finne fokuset og bruke den kunnskapen. Av egne erfaring opplever eg at mange sjukepleiarar bruker mykje tid og energi på å gru seg til å gå inn i samtalar, og dermed gløymer korleis det skal kommunisere. Dei klarar ikkje å fokusere på pårørandes behov, men heller på korleis dei sjølv skal kome seg igjennom samtalen. Det er vanskelig å snakke om døden, uansett kor erfaren en er (Gauthier, 2008, Franklin, 2006). Med det blir ikkje lettare dersom ein tenker og fokusere på kor vanskeleg det er. Då lagar ein eit ekstra problem for seg sjølv. Ein er redd for å vise følelsar og ein er redd for reaksjonar pårørande kjem med (Duke og Bailey, 2008). Det er eit emosjonelt tema, og der vil vere reaksjonar. Men sannsynlegvis er ikkje det så vanskeleg som ein trur det vil bli. Når vi bruker LCP får vi vete noko om kva behov og ønskjer pårørande og pasienten har. Dersom ein klare å legge vekt på dette å sleppe taket på si eiga frykt trur eg det blir lettare å gå inn i samtalen. Det er tross alt pasienten og pårørande som er fyrste prioritert. Og som Røkenes og Hansen (2004) sei så må sjukepleiarane som fagpersonar kunne gå inn en relasjon og legge til rette for ein god kommunikasjon

I Di Leo at el. (2011) sit studie viste det seg at sjukepleiarane blei meir bevisst over kor omfattande problemet rundt kommunikasjon var. Dette gjor at dei blei usikker på om dei

hadde nok kompetanse til å informere og støtte pårørende. Med det fyrste ser dette ut som at LCP har ein negativ innflytelse på korleis sjukepleiarane handtera kommunikasjon med pårørende, ved å bli meir usikre i situasjonar. Men på den andre sida har det ein positiv effekt. Når ein er klar over problemet med manglande kommunikasjonsferdigheiter er det større sannsyn at det blir starta opp tiltak for å forbetre dette. For eksempel utdanne sjukepleiarane. Som nemnt må kommunikasjonen mellom helsepersonalet og pårørende fungere for å kunne bruke LCP i praksis (Ellershaw og Wilkinson, 2011).

Som sagt viser dei kvalitative artiklane eg har brukt har sjukepleiarane stort sett opplevd at LCP har positiv effekt på kommunikasjonen. Men opplever pårørende forskjell på kommunikasjonen med sjukepleiarane når LCP blir brukt? Veerbeek et al. (2008) utførte eit studie der dei samanlikna pårørende sine opplevingar av kommunikasjon med og utan LCP. Resultatet på undersøkinga var at pårørende opplevde kommunikasjonen lik begge periodane. Så kva vil dette sei i forhold til mine funn i dei kvalitative studia? Innbiller sjukepleiarane at kommunikasjonen blir betre fordi dei trur LCP gjer den betre? I forskinga sa fleire av sjukepleiarane at dei følte seg meir sjølvsikre og tryggare på å møte dei pårørende, og at dei var i betre stand til å snakke med pårørende når dei brukte LCP (Di Leo et al. 2011, O'Hara, 2011 og Lillemoen, Velun og Østensvik 2011). LCP gav dei en plattform eller ein inngangsport som dei kunne starte ein samtale i frå (O'Hara, 2011, Lillemoen, Velun og Østensvik 2011). Truleg er det dette som er grunnlaget for at dei opplevde kommunikasjonen som betre. Dei bruker sannsynligvis ikkje så mykje energi på å tenke på kor vanskeleg det er å samtale med pårørende, og såleis blir det lettare. Ueffektiv kommunikasjon kan føre til at sjukepleiarane blir stressa, og utbrent (Ellershaw og Wilkinson, 2011) Men dette er ikkje nødvendigvis synleg for pårørende.

Dei fleste pårørende var positive til korleis informasjonen var gitt i både med og utan LCP (Veerbeek et al. 2008). Dessverre var det lav svarprosent på denne undersøkinga, høvesvis 59 og 55%. Og vi veit ikkje kvifor restrandte ikkje svarte. Det kan hende dei hadde ein anna oppleving av kommunikasjonen, både i negativ eller positiv forstand. Men det kom fram at nokon opplevde at informasjonen dei fekk var meir forståeleg når det blei brukt LCP (Veerbeek et al. (2008). Dette kan tyde på at bruk av LCP gjer det lettare å legge til rette for at pårørende får informasjon tilpassa deira behov. Dette kan kome av at pårørende no blir i større grad involvert i diskusjonen på korleis pasienten skal behandlast vidare, og dermed forstår betre kva som skjer.

5.2 Godt samspel skapar god kommunikasjon.

